Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 29.10.2026
Vår ref.: 202317437-6 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: bjgu02

Høyring av søknad om forlengd byggjefrist for Klovefoss kraftverk i Nissedal kommune, Telemark fylke

NVE har 06.09.2023 fått ein søknad frå Skagerak Kraft AS om å få forlengt byggjefristen for Klovefoss kraftverk og Støyldalen kraftverk med fem år, til 19.12.2028.
Skagerak Kraft fekk konsesjon til å byggje Klovefoss kraftverk og Støyldalen kraftverk den 19.12.2008 etter endeleg klageavgjerd hjå Olje- og energidepartementet.
NVE har mottatt melding frå Skagerak Kraft 06.01.2025 om at bygginga av Støyldalen kraftverk er terminert. NVE kan innvilge forlenga byggjefrist for Klovefoss kraftverk til 19.12.2028.

Søknaden blir no send på høyring med høyringsfrist 11.12.2026.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Skagerak Kraft AS om løyve å forlengje byggjefristen for Klovefoss kraftverk med fem år, til 19.12.2028. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettstad: www.nve.no/7958/V.

Det følgjer av vilkårspost nr. 2 i vassdragkonsesjonen at konsesjonær må starte bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, elles fell konsesjonen bort. NVE kan forlengje byggjefristen éin gong med inntil fem nye år, til 19.12.2028.

Skagerak Kraft stadfester i e-post av 06.01.2025 at Støyldalen kraftverk ikkje vil bli bygd og er difor ikkje vere del av høyringa.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE skal vurdere om det har komme inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør forlengjast. NVE ønskjer difor tilbakemelding på om det har oppstått nye forhold sidan saka vart handsama i 2017 og 2018. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de veit om nye partar som kan bli råka av saka, slik at dei også kan få høve til å uttale seg. Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for fleire utgreiingar.

Sidan konsesjonen blei handsama i 2017 har Skagerak Kraft oppdatert konsekvensutgreiinga for terrestrisk naturmangfald. Ny konsekvensutgreiing kan lesast på sakas nettstad: www.nve.no/7958/V

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/7958/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202317437 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202317437 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **11.12.2026.**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Per-Fredrik Rønneberg Nordhov

seniorrådgjevar

Godkjend etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

LEDE AS
Nissedal kommune
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
TNETT AS
TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

SKAGERAK KRAFT AS